

## KVA ER DET MED FOTBALL?

Kva er det med fotball som gjer oss virile  
Sjøl om vi er aldrande, skrøpelige og sterile?  
Kva er det med fotball som gjer oss så gira  
Eg har vore trufast mot Leeds sidan 1974.

Kva var det som trigga meg den gongen  
Då laget var inne i gullsesongen?  
Med Allan Clarke og Billy Bremner å dei  
Å Peter Lorimer så skaut så hardt at det svei.

Det var det bekymringslause 70 talet  
Der gløden for engelsk fotball var det normale.  
Vi fann Liverpool eller Stoke og knytta evige band  
Nokon fann Wolverhampton, QPR og Sunderland.

Vi har sverga evig truskap til laget uansett  
Og gudane skal vita, det er ikkje lett.  
Det er hardt å fylgja laget i vårt hjerte  
Ingenting gjer oss meir glede og meir smerte.

Kva er det med fotball som gjer oss nervøse  
Så oppofrande inntil det religiøse?  
Kva er det som gjer Brann til klubben vår  
Som vinne serien kvart 44 år?

Kva er det med fotball som gjer oss det drivet  
Den gode rusen som er større enn livet?  
Vi tåler år med nedrykk og tap  
I eit heilt unikt, globalt fellesskap.

Det er håpet som driv oss kvar einaste gong  
Det vil alltid gå betre neste sesong.  
Det er håpet som drive kvar kvinne og mann  
Som holde med Leeds og som holde med Brann.

Fotball er glede, sjau og rabalder  
Fotballglede kjenner ingen alder.  
Er du fotballfrelst er du heilt normale  
Eg skal holda med Leeds til eg ligg i pennalaet.

Fotball får oss til å ta fram dei store følelsane, dei store orda  
Fotball sikrar stabilitet og fred på jorda.  
Fotball er ryggmargen i heile Norge  
-direkte frå Skuddnes, Arne Torget